

Referat frå felles informasjon- og drøftingsmøte nye Ålesund nr. 3 dato 21.11.17

Deltakarar: sjå vedlegg

1. Informasjon/status om samanslåingsprosessen og det vidare arbeidet v/koordinator

Prosjektkoordinator Anne Berit Støyva Emblem orienterte status i prosessen.

Det vart informert om tre saker som rådmannsgruppa fremjer til politisk handsaming i november/desember 2017:

- Delegasjonsreglement: Mandat og delegasjon frå fellesnemnda til prosjektleiar, AU, PSU og politiske komitear i prosjektperioden nye Ålesund 2018-2019
- Prosjektbudsjett nye Ålesund 2017-2019
- Oppdatering av overordna styringsdokument for bygging av nye Ålesund og vidare prosjektorganisering, herunder innføring av politiske komitear og delprosjekt for tenestekområda.

Delegasjon - kommentarar og spørsmål:

Det vart fremja spørsmål om delegasjonsreglementa og mandata skal handsamast i partssamansett utval. Prosjektkoordinator informerte om at dette i utgangspunktet er ei politisk sak som i første rekke handlar om fellesnemnda si delegering av mynde til prosjektleiar.

Det vart også stilt spørsmål ved kva saker som skal handsamast i partssamansett utval.

Prosjektkoordinator informerte om at dette går fram av tidlegare vedtak gjort av fellesnemnda (dato 24.8.17 sak 4/17), og PSU (dato 7.9.17 sak 03/17), samt i forslaget til delegasjonsreglement presentert i dag. Prosjektrådmannen vil også ha ein gjennomgang av saker i kontaktmøte, for å gjere naudsynte avklaring før ho innstiller til handsaming til arbeidsutvalet og eller partssamansett utval.

Vidare vart det kommentert at prosjektrådmann får tildelt mykje mynde, samtidig som ein heilt klart ser behov for slik delegering.

Prosjektbudsjett - kommentarar og spørsmål:

Det vart kommentert at det nok ikkje er sett av nok midlar i budsjett til frikjøp av tillitsvalte. Det vart informert at budsjettet ikkje setter grenser for rett til frikjøp. Det er rettar etter HA og dei avtalane som er inngått mellom partane som regulerer frikjøp av tillitsvalte.

Overordna styringsdokument og prosjektorganisering

Prosjektkoordinator viser siste utkast til organisering av prosjektarbeidet. Ein ser føre seg at det vert satt i gang eit arbeid på tenestekområdene over nyttår. Det vart understreka at inndeling i inndeling i prosjektområde vil bli tilpassa etter kvart, og må vere fleksibel. Før dette arbeidet vert satt i gang vil

prosjektrådmann ha møte med overordna administrativ leiing i dei 5 kommunane. Dato for dette møtet er satt til 17. januar 2018.

Det vert vist til presentasjonane frå prosjektkoordinator, som vert sendt ut i lag med referat.

2. Drøfte oppretting av fast kontaktutval til prosjektleiar nye Ålesund (prosjektperioden)

Til møte vart det fremja drøftingssak knytt til oppretting av kontaktutval. Fagforeningane er positive til oppretting av kontaktutval som fora mellom tillitsvalde og prosjektorganisasjonen ved prosjektrådmannen. Partane er einige om at drøftinga om innhald i og samansetjing av kontaktutvalet ikkje skal slutførast i møte, men må arbeidast med over tid. Partane er samde i at ein har frist til 15. januar 2018, til å slutføre drøftingane.

Følgjande innspel og kommentarar vart framsett av arbeidstakarrepresentantane i møtet:

- For fagorganisasjonene er dette ei modningsprosess der kvar fagorganisasjon no må jobbe med å samle seg på tvers av kommunane under til ei organisasjon. Samtidig er det behov for å vere tillitsvald i eiga kommune. Det vil nok vere lettare å opprette eit kontaktutval når samanslåing av fagorganisasjonane er ferdig.
- Det er behov for at tillitsvalde frå alle fem kommuner er representert i eit slikt kontaktutval heilt fram til 2020.
- Ein bør presisere kva som er skilnad mellom kontaktmøte med prosjektleiar og kontaktmøte med den einskilde kommune ved personalansvarleg/personalsjefar
- I Ålesund er tilsvarande møte eit fora med relativt få deltakarar, men framdrift og kjapp handsaming.
- Det er behov for tillitsvalde å kunne melde opp saker og få dei handsama nok så raskt.
- Etersom dette er ei kontaktflate oppimot ny rådmann, så må alle tilsette vere representert, og tillitsvalde med frikjøp.
- Kontinuitet, med referat som kan vidare sendast til andre tillitsvalde.
- Det bør kallast inn til faste, jamlege møter og ikkje etter behov. Mest sannsynleg å ha møter 2. kvar veke. Hastemøter er vanskeleg å få gjennomført.
- Tenke gjennom om møta skal vere «fysiske» eller at ein i større grad skal ha skype-møter for å kunne gjennomføre dei hyppig nok.
- Dersom det blir faste møter 2. kvar veke, bør fast frikjøp vurderes for medlemmane.
- Alle medlemmar bør ha personleg vararepresentant.

Dersom eit slikt kontaktmøte skal opp og gå frå januar av... korleis skal vi nå dit?

Dei tillitsvalde vil i etterkant av møte komme med ei foreløpig tilbakemelding på korleis ein vidare skal arbeide med oppretting av kontaktmøte, slik at ein er ferdig drøfta innan 15.januar 2018.

3. Anna relevant informasjon v/personalansvarlege i dei fem kommunane

Det vart orientert om utkast til omstillingsavtale og arbeidet i delprosjekt personal- og omstilling generelt.

Delprosjekt personal- og omstilling er satt saman av personalansvarlege/personalsjefar og tillitsvalte. Prosjektkoordinator møter ved høve og ein representant frå kommuneadvokaten i Ålesund har møtt i gruppa på dei siste møta.

Ein arbeider no med å lage ein detaljert gjennomgang av de prosesser som må gjennomførast innan personalområdet for at den nye kommunen er på plass 1.januar 2020. Ein nyttar LEAN som arbeidsverky i denne prosessen. Delprosjektet vil fremje ein milepælsplan for dette arbeidet. Det vart kort orientert om prosessen så langt.

Utkast til omstillingsavtale vart gjennomgått. Når omstillingsavtale er ferdig handsama i delprosjektgruppa vil partane få dette til uttale/høyring. Avtalen vert difor ikkje sendt ut før omstillingsavtalen er ferdigstilt i delprosjektgruppa.

4. Eventuelt

4.1 Innkalling og sakliste er ikkje sendt ut til alle møtedeltakarar. Fagforeningane ber om avklaring knytt til kven som skal kalle inn til møte og og kven som sender ut sakliste. Det vart presisert at det er personalansvarlege i kvar kommune sitt ansvar å kalle og vidareformidle sakliste til «sine» tillitsvalte.

4.2 Fagforeningane ba om at ei oversikt over tillitsvalte i dei 5 kommunane kunne blitt gjort kjent for andre. Det vart formidla at ei slik oversikt kan leggest ut på heimesida til nye Ålesund som har eit eige område for tilsette/tillitsvalde Informasjonen sendast til kommunikasjonsansvarleg i prosjektet Anne Bente Skjellum.

Ref: Petter Sortevis